

# LAGLEIARMANUAL FOR MINIPUTT 6 -12 år

## SOGNDAL BREIDDEFOTBALL



Lagleiarmanualen skal vera eit hjelpemiddel for nye og eksisterande lagleiarar på miniputt. Som ny lagleiar på miniputt kan det vera til god hjelp å ta kontakt med lagleiarar i eldre årsklassar for råd og tips.

### 1. Administrasjon av spelarane på laget

Før sesongen si første miniputt turnering, så må man finne ut kven som vil vera aktive spelarar denne sesongen. Lagleiar ber foreldra melde tilbake om dette, og samtidig ber ein om oppdatering av personalia, e-post, mobilnummer dersom det er endringar. Lagleiar registrerar aktive spelarar og oppdaterer listene på nettsida innan **10.mai**. Dette gjerast gjennom å logge seg på som trenar. Administrere / spelarar. Ein bør også oppdatere personalia, og det er spesielt viktig at rett e-postadresse og mobil er registret på kvar spelar. Ein bør også legge til kontaktinfo til begge foreldra til spelaren.

### 2. Registrering av første års miniputtspelarar

Første års miniputt må legge inn spelarane etter kvart. Innmelding av spelarar godkjennast av miniputtkontakt, send ei melding når ein har lagt inn spelarar. Etter godkjenning så legg ein til foreldra. Det er lurt å registrera begge foreldra.

Følgjande info om spelaren skal registerast:

- namn på spelar, fødselsdato, gateadresse, e-postadresse og mobiltelefon (e-postadr og mobil til ein av foreldra som blir brukt til utsending av treningsavgift.)
- namn føresette 1, e-postadresse og mobiltelefon
- namn føresette 2, e-postadresse og mobiltelefon

Det er veldig viktig av ein legg inn e-post og mobil på spelar. Treningsavgifta kjem på e-post og blir purra på via mobil.

### **3. Treningsavgifta**

Treningsavgifta for miniputt dekkar blant anna baneleige, halleige, mål, kampdrakter, treningsutstyr (kjegler, ballar, vestar etc) og forsikringar.

#### **Betaling av treningsavgift**

Vert sendt ut på e-post av Sogndal Fotball etter at fristen for oppdatering av lagets sine spelarlistar på nettsida er utgått. Treningsavgifta kjem vanlegvis i slutten av mai. Spørsmål om treningsavgifter kan stillast til Kari O. Vadheim, Sogndal Fotball.

### **4. Lagskonto**

Lagleiar opprettar konto for laget, der ein kan sette inn pengar ein tener i forbindelse med kiosksal, sponsorar ein får inn (kan ikkje være konkurrerende til dei som allereie sponsar Sogndal Fotball).

### **5. Lagleiar møte/trenar møte før sesongstart**

Miniputtkontakt kallar inn lagleiarane og trenarane på miniputt til møte i god tid før sesongstart. Her vil det bli gitt ut informasjon kring organiseringa av miniputtfotballen i Sogndal Fotball og ein går igjennom rutinar osv i samband med oppstart av eit miniputtlag. Møtet kan også vera eit forum for utveksling av erfaringar.

SFFK arrangerer også eit lagleiar møte om våren med info om turneringane.

### **6. Innmelding av trenarar og lagleiarar**

For at all informasjon skal komma ut til alle trenarar og lagleiarar så må lagleiarane melde inn e-postadressene og mobilnummer for heile trenarteamet til miniputtkontakten. Det er viktig å definere rollene i trenarteamet. Hovudlagleiar, hovudtrenar, trenarar og lagleiarar skal definerast. Dette skal også meldast inn til miniputtkontakten.

All viktig informasjon til trenarteamet blir sendt ut via e-post. Alle nye trenarar og lagleiarar får etter registrering tilsendt brukarnamn og passord til heimesida til Sogndal Breiddefotball og vil via den få tilgang på nettside for laget sitt.

### **7. Politiattestar**

Krav om politiattest i Sogndal Fotball. Alle som skal jobbar med barn og unge skal levere politiattest. Dette gjeld trenarar, assistenttrenarar og lagleiarar.

Styret i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) vedtok 10. mars 2008 at heile norsk idrett skal krevje politiattest mot seksuelle overgrep mot barn.

Ordingen gjeld for alle som skal utføre oppgaver som i vesentlig grad innebærer eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller mennesker med utviklingshemming.

Ordingen trådte i kraft 1. januar 2009.

I Sogndal Fotball blir ordningen handtert på følgende måte:

Alle ansatte og frivillige som skal utføre oppgaver for idrettslaget som innebærer eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming skal fremskaffe politiattest.

Dette gjeres i samråd med:

**Andrea Strand Solbakken,**

Representantane har taushetsplikt overfor uvedkommende i forhold til dei opplysningar dei får kjennskap til.

Politiattesten inneheld kun opplysningar om personen for tida er sikta/tiltalt eller tidlegare ilagt forelegg/dømt for brot på bestemmelser i straffelova om seksualforbrytelsar overfor barn. Idrettslaget har ikkje anledning til å be personen om å innhente politiattest for andre straffbare forhold. Innhenting av politiattest er gratis.

#### **Rutinar for innhenting av politiattest:**

**1:** Ein kan no søke elektronisk.

[https://www.politi.no/tjenester/politiattest/hvor\\_skal\\_soknad\\_om\\_politiattest\\_sendes/Tema\\_1311.xhtml](https://www.politi.no/tjenester/politiattest/hvor_skal_soknad_om_politiattest_sendes/Tema_1311.xhtml)

Ein treng ein **bekreftelse på formål**. Ein tek då kontakt med **Andrea Strand Solbakken** som fyller ut det aktuelle skjema for bekreftelse. Ein må oppgi fullt namn og personnummer. Dette kan ordnast via epost. Ein får då eit ferdig utfylt og signert bekreftelse på formål i retur som eit vedlegg.

**2:** Ein loggar seg på og benyttar MinID, BankID, Buypass eller Commfides. Ein lastar så opp bekreftelse på formålet i prosessen-

**3:** Politiet sender attesten som ordinær post til den søknaden gjeld for. Den sendast ikkje til idrettslaget. (Behandlingstid hjå politiet kan vera nokre veker)

**4:** Søkjaren skal så framvisa sin politiattest til **Andrea Strand Solbakken** eller **Frank Heggstad**. Sogndal Fotball skal ikkje lagre attesten, men kun få den framvist til gjennomsyn. Framvisinga skjer enten ved personleg oppmøte eller så skanner man politiattesten og sender politiattesten til Andrea Strand Solbakken eller Frank Heggstad som vedlegg i ein epost eller som MMS bilete. Ein slik epost/mms blir sletta etter at den er registert i Sogndal Fotball sin database.

Personer som ikkje har framvist politiattest utan merknad, kan ikkje settast til oppgaver som innebærer eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming.

Sjå elles nettsida: [www.idrett.no/politiattest](http://www.idrett.no/politiattest)

#### **8. Utstyr**

Før treninga startar opp om våren tek ein kontakt med materialforvaltar **Morten Lægroid**, (epost [ml@sogndalfotball.no](mailto:ml@sogndalfotball.no) el mobil 93083577) i Sogndal Breiddefotball for å få utstyr til trening og kamp. Dvs ballar, vestar, kjepler og førstehjelpsutstyr, dei minste får ei lita pute med det mest nødvendige og dei eldre får noko meir.

\* Ta godt vare på utstyr ein får utdelt

\* Tel ballar før treninga startar og etter treninga er slutt

\* Spelarane kan ha som rutine å samle saman utstyr

Elles finn ein nyttig info på sogndal fotball si breiddefotballside, info breiddefotball og materialforvaltning.

Trenarklede til trenarar og lagleiarar blir delt ut av Tom Rune Kongelf, lagleiar sender samla bestilling på mail [Tom.Rune.Kongelf@hvl.no](mailto:Tom.Rune.Kongelf@hvl.no) . Der må det opplysast om initialar og str.

## 9. Trenarkurs

Trenarar vil få tilbod om å bli med på trenarkurs. Kurset heiter Grasrottrenaren, og er delt opp i 4 delkurs. Eit delkurs går over to kveldar, forbereding heime gjennom e-læring kurs og så teori og praksis på begge øktene. Første delkurs som heiter barnefotballkurset anbefalar me og for lagleiarar. Me ynskjer at flest mulig av våre trenarar benyttar seg av dette tilbudet, minimum 1 per kull. Nyttig både for erfarne og ferske trenarar.

## 10. Foreldremøte

I etterkant av lagleiar møte med miniputtkontakt og før sesongstar skal kvart lag innkalle til foreldremøte. Sogndal Fotball har fleire møterom som kan bookast. Då kontaktar ein Ørjan Hjellhaug, Sogndal Fotball. På foreldremøtet informerar du som lagleiar om:

- \* Turneringsdatoar/påmeldingsfristar
- \* Dugnad på Lerum Cup (Nattevakt for miniputt) 4 timar per spelar/føresett.
- \* Går gjennom foreldrevettreglar
- \* Reglar rundt treningane (t.d leggskinn, drikke)
- \* Treningsavgift (skal vere betalt før første turnering/kamp)
- \* Fair Play
- \* Treningstider (kvar ligg denne informasjonen)
- \* Informer korleis du som lagleiar gir informasjon ut til foreldra (SMS, epost, heimesida, spond, facebook)

Lagleiar sender ut referat frå foreldremøtet i etterkant slik at dei som ikkje var tilstade får den viktigaste informasjonen

## 11. Kongleriket miniputtturnering



Består av fire turneringar i perioden mai – september.

### I forkant av turnering:

- \* Lagleiar får inn påmelding frå foreldre (kor mange kan vere med på den enkelte turnering)
- \* Lagleiar melder på antal lag direkte til turneringsarrangørane (kan vere forskjellig antal lag til kvar turnering avhengig av tal spelarar)
- \* Det er ideelt med 6 ungar på eit 5ar lag (4 utespelarar+ keeper). Men ein bør ikkje vera fleire enn 7 ungar pr. lag (16-18 spelarar er nok til 3 lag. Viktig med mykje speletid)
- \* Informasjon ut til foreldra om laginndeling, og kva trenar som leiar dei ulike laga på turneringa
- \* Forklar korleis dykk vil sette saman laga og korleis speletida blir fordelt (Breiddefotball, mest mogelege jamne lag, rullerande bytter, alle spelar like mykje, ein står i mål ein heile kamp, alle som vil skal få lov å vera keeper etc.).
- \* Sende ut kampoppsett til foreldra så snart det føreligger
- \* Sjekk at draktene er på plass. Desse skal delast ut og samlast innatt på kampdag. Det er viktig at foreldra er informert om at spelarane skal levere inn att drakta ved turneringsslutt, dvs etter premieutdeling og lagfoto.
- \* Lagleiar er ansvarleg for vask av drakter, men kan delegere det bort ved å lage dugnadslister! (Draktene vaskast på max 40 gr. !!)

## 12. Oppgåver til arrangering av turnering:

*Turneringsansvar (siste års miniputt)*

*SFFK delar kvart år ut brosjyre for kongleriket miniputtturnering. Sjå [www.sffk.no](http://www.sffk.no). Me vil likevel gi eit par gode råd og tips til dykk som skal vere med å arrangere miniputtturnering.*

Det første ein gjer når ein har fått ansvar til å arrangere miniputtturnering, er å ta kontakt med forrige års arrangørar og avtale eit møte. Då får du overbringt all informasjon du treng. Eit lite samandrag følgjer under:

- Invitasjon til dei laga som skal vere med på turneringa (mal ligg på [ww.sffk.no](http://ww.sffk.no))
- Send ut dugnadsliste til foreldre i god tid slik at foreldre kan byte innbyrdes
- Dommaransvarleg (skaffe dommar til turneringa – følgje dei opp undervegs)
- Kioskansvarleg
  - \* MER – kampanjen
  - \* Kva utstyr treng ein
  - \* Kva sponsing kan ein få tak i

*\* Handle inn varer på MENY*

- Planleggje parkeringsvakter og sikkerheit kring parkering
- Organisering av kampoppsett
- Rigging av baner kvelden før
- Bossansvarleg – rigging av bossutstyr
- Ansvar for førstehjelpsutstyr
- Kontakte vakthavande lege i forkant av turneringsdagen
- Økonomiansvarleg
  - *Opprette lagkonto til pengane ein tener. Be om organisasjonsnr på konto. Dette føl laget.*
  - *Fordeling av dugnadspengar gutar/jenter (avtale på førehand)*
  - *Skaffe vekslepengar*
- Speaker og sekretariat
- Premiering (*kontakt dei andre klubbane for å høyre kva dei skal gje – kontakt Sogndal fotball administrasjon for godkjenning på evt premiering*)

Lagleiarane med turneringsansvar samlast for å fordele desse oppgåvene og finne ut kor mange foreldre som trengst til dei ulike oppgåvene. Deretter delar ein ut dugnadslister for turneringa.

PS! Pengane ein tener er gode pengar å spare til ein skal på Norway Cup som smågut/jente.

### **13. Seriespel for gutar og jenter 9 og 10 år – 5ar fotball**

Seriespelet for 9-10 åringane skal vera 5-ar fotball for 9-åringane og 7-ar fotball for 10-åringane, med seriespel og 3-4 kampar vår og 3-4 kampar haust. Dette kjem i tillegg til miniputtturneringane for 9 åringane.

#### **Før sesongstart/kamp**

- \* Påmeldingsfrist vert sendt ut på e-post til kontaktperson på laget
- \* Regelverk finn ein på [www.sffk.no](http://www.sffk.no)
- \* Terminlista sender kretsen ut til kontaktperson på laget
- \* Ferjekort får ein av Sogndal Fotball, Sognahallen. Kontakt Kari O. Vadheim
- \* Få tak i dommar til heimekamp – sjå dommarliste.
- \* Sette opp dugnadslister for køyring til bortekamp, vasking av drakter og kioskansvarleg på heimekamp for å få inntekter til dommarane.

#### **Under kamp**

- \* Fair play kampvert skal ta imot bortelag og vise til garderobe
- \* Kamprapport skal fyllast ut av heimelag og sendast pr post og på SMS. Desse vert utlevert av kretsen før første kamp.

### **14. Fruktavtale**

1. Laga handlar frukt og legg ut sjølve
2. Levere kvitteringar til Geir-Inge Heggstad. Merk kvitteringar med Lagsnamm og årskull.
3. Sogndal Fotball sender inn kvitteringar og laget får refundert 60%.
4. Levering 4 gangar i året.

- 01.april
- 05.juni
- 31.september
- 20. desember.

### **15. Årsmelding**

Etter sesongens siste turnering, skal kvart lag senda inn ein årsmelding. Er ein usikker på korleis denne årsmeldinga skal sjå ut, ta kontakt med leiar i Breiddestyret.

### **16. Sogndal Breiddefotball**

Dersom ein er ny lagleiar må ein ikkje nøle med å spørje andre om råd. Det er heile tida noko nytt å lære og gode tips frå andre. Kontakt også styret i Sogndal Breiddefotball for utfyllande råd og rettleiing.

Denne manualen er meint for lagleiarar i miniputt. Dersom ein er trenar er det viktig å nytte sportsplanen for klubben og setje seg inn i retningslinjer for barnefotball.

Lykke til med sesongen!

Mvh  
Miniputtkontakt  
Styret i Sogndal Breiddefotball

### **KONTAKTPERSONAR som er referert til i lagleiarmanualen er:**

**Miniputtkontakt**, Sogndal Breiddefotball  
Katrine Wolff Bolseth, telefon: 91390368, epost: [katrinewolf@hotmail.com](mailto:katrinewolf@hotmail.com)

**Materialforvaltar**, Sogndal Breiddefotball  
Morten Læg Reid, telefon: 93 08 35 77, epost: [ml@sogndalfotball.no](mailto:ml@sogndalfotball.no)

**Leiar**, Sogndal Breiddefotball  
Frank Heggstad, telefon: 99632587, epost: [frank.heggstad@live.no](mailto:frank.heggstad@live.no)

**Styret**, Sogndal Breiddefotball  
Epost: [breiddestyret@sogndalfotball.no](mailto:breiddestyret@sogndalfotball.no)

**Sogn og Fjordane Fotballkrets SFFK** sin kontaktperson  
Hildegunn Hove, telefon: 57 62 87 00, epost: [hildegunn.hove@fotball.no](mailto:hildegunn.hove@fotball.no)

**Arrangementsjef, Sogndal Fotball**  
Geir-Inge Heggstad, telefon: 48 00 61 62, epost: [gih@sogndalfotball.no](mailto:gih@sogndalfotball.no)

**Rekneskapsansvarleg, Sogndal Fotball**  
Kari Olstad Vadheim, telefon: 90 19 25 55, epost: [kov@sogndalfotball.no](mailto:kov@sogndalfotball.no)

*Denne lagleiarmanualen for miniputt er sist revidert av Katrine Wolff Bolseth, des 2018.*